

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2015



KONTROLLUTVALET I
ETNE KOMMUNE

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Etter valet i 2011 blei talet på medlem i utvalet auka til 5.

For perioden 2011-2015 hadde Etne kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar	Ståle Tungesvik
Nestleiar	Lars Ebne
Medlem	Trude Enge
Medlem	Elisebeth Aasheim
Medlem	Ivan Kaldheim

Varamedlem:

- 1. Nils Ramsvik**
- 2. Nina Kaltwasser**
- 3. Kirsten H. Andreassen**

Liv Ellen Ebne gjekk ut av utvalet hausten 2012, ho sat også i kommunestyret. Utvalet hadde ikkje ein fast representant som sit i kommunestyret etter dette.

For perioden 2015-2019 har Etne kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar	Ståle Tungesvik
Nestleiar	Ragni Sunniva Fett
Medlem	Arild Stenberg
Medlem	Sigve Sæle
Medlem	Åse Langhelle

Varamedlem:

- 1. Pål Steinar Rullestad**
- 2. Nina Vierdal Vee**
- 3. Ivan Kaldheim**

Sigve Sæle har fått fritak frå politiske verv til hausten 2016. Pål Steinar Rullestad vil møta fast i denne perioden.

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama. Ordføraren har møte- og talerett i utvalet.

Ny ordførar deltok på møtet i november. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Rådmannen eller konstituert rådmann har møtt på tre av møta.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2015

Kontrollutvalet har i 2015 hatt 4 møte fordelt på to om våren og to om hausten. Utvalet har hatt **24** saker til handsaming, kor 4 saker blei sendt til kommunestyret. **37** saker har blitt lagt fram til orientering. Oversyn over sakene og orienteringssakene følgjer som vedlegg.

Møta i kontrollutvalet blir no haldne for opne dører etter lovendring 01.07.13. (Kommunelova § 77).

Ståle Tungesvik deltok på fagkonferansen til Forum for kontroll og tilsyn på Gardermoen 3. – 4. juni. Ståle Tungesvik, Åse Langhelle og Nina Vierdal Vee deltok på informasjonsmøte for nye kontrollutval i Akسدal 12.11.15. Ståle Tungesvik, Ragni Sunniva Fett, Arild Stenberg og Åse Langhelle deltok på Haustkonferansen i regi av Forum for kontrollutval i Rogaland, i Sandnes 10.12.15.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGAVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 11. mai 2015, sak 08/15 kommunen sin årsrekneskap for 2014 til handsaming. I kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen blei det ikkje tatt atterhald eller presisering. Utvalet gav slik uttale:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2014 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 0 kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit negativt netto driftsresultat med 8,5 million kroner.

Utvalet deler rådmannen si uro for det svake økonomiske resultatet i 2014.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2014 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.14.

Kontrollutvalet i Etne har ingen merknader til Etne kommune sin rekneskap ut over det som går fram av revisor si revisjonsmelding.

Utvalet har fått Årsmelding og skatteregnskap frå Skatteoppkrevjaren i Etne til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012 og vedteke av kommunestyret på nyåret 2013.

Utvalet handsama i møtet 21.09.15 rapport frå forvaltningsrevisjon av «Styring av investeringar» utarbeida av KPMG AS. I rapporten kom revisjonen med følgjande hovudbodskap og tilrådingar:

KPMG vil her presentere tilrådingar på områda der det i forvaltningsrevisjonen er funne forbetningspotensiale. Tilrådingane er formulert på bakgrunn av vurderingane. Dei er meint som forslag til korleis kommunen kan sikre ei tilfredsstillande styring av alle investeringsprosjekta sine.

Våre tilrådingar er:

1. Kommunen bør utarbeide eit dokument for felles prosjektstyringsrutinar/-reglement for alle som styrer investeringsprosjekt i kommunen. Vi rår til at desse famnar om (ikkje uttømmende liste):

- a. Prosjektorganisering – inkl. styringslinjer og brukargrupper*
- b. Mynde og ansvar til ulike prosjektroller*
- c. Prosjektfasar med sentrale oppgåver og avgjerslepunkt*

- d. *Prosjektuttreiing- og grunngjeving (med risiko- og usikkerheitsanalyse)*
- e. *Prosjektmandat (inkl. mal).*
- f. *Prosjektplanlegging*
- g. *Prosjektrapportering (inkl. mal)*
- h. *Avviks- og endringshandtering*
- i. *Overlevering til drift*
- j. *Evaluering og sluttrapportering (inkl. mal)*

2. *Kommunen bør revidere retningslinjene til plan- og byggjenemnd*

- a. *Funksjonstid basert på prosjekt*
- b. *Vurdere kva som er spesielle retningslinjer kun for nemnda, og kva som kantakast ut av retningslinjene og inn i dokumentet som skildrar kommunen sine prosjektstyringsrutinar/-reglement.*

Kommunestyret handsama rapporten 28.10.15 og gav ein frist på 12 månader for oppfølging av tilrådingane i rapporten.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei vedteken av kommunestyret 30.10.12.

Utvalet har ikkje handsama eller bestilt selskapskontrollar i 2015.

4.4 TILSYN MED REVISOR

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Willy Hauge med kontor på Stord. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen.

Kontrollutvalet har i 2015 gjennomført ny anbodskonkurransse om revisjonstenestene for perioden 2016-2020. Anbodsgrunnlaget blei lagd fram utvalet i mai og anbodsfrist blei sett til 11.08.15.

Det blei levert inn tre anbod (Deloitte AS, Revisjonsselskapet AS og KPMG AS). Sak om val av revisor ble lagd fram for utvalet i september. Kommunestyret tilrådde kontrollutvalet si innstilling om å velje Deloitte AS som kommunen sin revisor i møte 15.12.15, sak 100/15 for dei neste fire år. Kommunen har opsjon til å forlengje avtalen med 2 år.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og ein eller fleire revisorar har møtt på alle møta. Dei har presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker gjennom året og om framlegget til budsjett og økonomiplan.

Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, tertialrapportar, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

4.6 BUDSJETT/REKNESKAP FOR KONTROLL OG TILSYN

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2015.

TENESTE 1100	REGNSKAP 2014	BUDSJETT 2015 (utvalet)	REKNESKAP 2015
Godtgjersle og driftsutgifter	80 740	86 000	59 507
Revisjonstenester	369 469	383 000	291 056
Sekretariatstenester	147 000	153 000	153 000
Sum utgifter (eks.mva.)	597 209	622 000	503 563

Utgiftene til revisjonen er lågare enn budsjettert, dette kan skyldast at ikkje alle rekningane for 2015 er motteke.

Kontrollutvalet handsama hausten 2015 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2016. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 593 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i verksemd i 10 år.

Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med fire revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Selskapet har i 2015 gjennomført brukarundersøking og markert 10 års jubileum på representantskapsmøtet i april. Det blei her framheva at sekretariatet har fått gjennomgåande positive tilbakemeldingar, men som forbetring kan dei bli betre kjent, som ledd i å styrke kommunane sitt kontroll- og tilsynsansvar.

Fast utvalssekretær har vore rådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har egne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Frå Etne kommune er Ståle Tungesvik vald til representantskapet i IKS'et med Liv Ellen Ebne som varamedlem. Ståle Tungesvik var til stades på representantskapsmøtet 27.04.14.


For perioden 2015-2019 er Ståle Tungesvik blitt vald som medlem og med Ragni Sunniva Fett som varamedlem.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2015 har vore som planlagt. Det har vore utarbeidd og lagt fram ein forvaltningsrevisjonsrapport og utvalet har handsama oppfølging av ein rapport. Administrasjonen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året. Utvalet har bestilt ny Overordna analyse frå Deloitte AS. Denne analysen vil danne grunnlaget for ny Plan for forvaltningsrevisjon 2015-2019 og ny Plan for selskapskontroll 2015-2019. Ved sekretariatet har det vore eit arbeidskrevjande år pga. anbod for ni kommunar og skifte av kontrollutval i haust.


Etne, 8. februar 2016


Ragni Sunniva Fett


Ståle Tungesvik
Leiar

Arild Stenberg


Åse Langhelle


Pål Steinar Rullestad
1. vara

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/15 Godkjenning av protokoll frå møte 10.11.14
- 02/15 Referat- og orienteringssaker 09.02.15
- 03/15 Årsmelding for kontrollutvalet 2014
- 04/15 Val av forvaltningsrevisjonsprosjekt

- 05/15 Godkjenning av protokoll frå møte 09.02.15
- 06/15 Referat- og orienteringssaker 11.05.15
- 07/15 Oppfølging av revisjonsrapport – «Sjølvkost»
- 08/15 Etne kommune - uttale til årsrekneskapen for 2014
- 09/15 Konkurransesgrunnlag - anbod på kjøp av revisjonstenester 2016-2020

- 10/15 Godkjenning av protokoll frå møte 11.05.15
- 11/15 Referat- og orienteringssaker 21.09.15
- 12/15 Revisor si egenerklæring for 2015
- 13/15 Rapport etter forvaltningsrevisjon – «Styring av investeringar»
- 14/15 Kontroll og tilsyn – budsjett for 2016 – utvalet sitt framlegg
- 15/15 Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i inneverande periode 2011-2015
- 16/15 Val av revisor for perioden 2016-2020

- 17/15 Kontrollutvalets ansvar og oppgåver
- 18/15 Godkjenning av protokoll frå møte 21.09.15
- 19/15 Referat- og orienteringssaker 23.11.15
- 20/15 Statusoversikt over utvalets prosjekter
- 21/15 Revisjonsplan for rekneskapsåret 2015
- 22/15 Orientering om framlegget til budsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019
- 23/15 Bestilling av overordna analyse for Etne kommune
- 24/15 Framlegg til møteplan for 2016

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2015
2. Rapport frå haustkonferansen i Sandnes - munnleg
3. Rapport frå NKRF-konferansen, munnleg v/sekretær
4. K-styrevedtak 16.12.14, sak 68/14 – Reglement for kontrollutvalet
5. K-styrevedtak 16.12.14, sak 67/14 – Taksthefte 2015
6. Årsrapport 2014 - skatteoppkrevjaren i Etne kommune
7. Skatterekneskapen 2014
8. eINFO 15/1 – Redusert oppbevaringstid for regnskapsmateriale
9. Nytt på nett, NKRF – Kontrollutvalgene fyller sine funksjoner på en god måte

10. Statusrapport pr. mai 2015
11. Kontrollrapport 2014 vedk. skatteoppkrevjarfunksjonen – frå Skatteetaten
12. Representantskapsmøte – 27.03.15 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
13. Representantskapsmøte – 28.04.15 - Interkommunalt arkiv Hordaland
14. Representantskapsmøte – 11.06.15 på Fitjar – Haugaland Vekst IKS
15. Representantskapsmøte – 27.04.15 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
16. Representantskapsmøte – 20.05.15 - HIM IKS
17. Representantskapsmøte – 18.05.15 på Stord – Krisesenter Vest IKS
18. Kommunal Rapport 19.03.15 om rekneskapsresultata i landets kommunar
19. Kommunal Rapport 20.03.15 om regjeringa si oppgavemelding

20. Statusrapport pr. september 2015
21. K-styrevedtak 12.05.15, sak 28/15 – Innsparingsprosess 2015 – sparepakke 3
22. KS Bedrift – Offentlige innkjøp blir litt enklere fra 1. juli
23. Kommunal- og mod.dept. – prinsipputtalelse – KUs rett til å være til stede og referere
24. Datatilsynet – Gebyr for avvik hos kommuner
25. Bernt svarer – Kan offentlighetsloven brukes for å lukke møter?
26. NKRF overtar sekretariatet for FKT

27. K-styrevedtak 28.10.15, sak 79/15 - Val av kontrollutval 2015-2019
28. K-styrevedtak 28.10.15, sak 93/15 – Revisjonsrapport – Styring av investeringar
29. Teieplikterklæring for kontrollutvalsmedlemmene
30. Reglement for Etne kontrollutval – eige hefte
31. Evaluering - frå kontrollutvalet 2011-2015
32. Invitasjon til informasjonsmøte i Aksdal 12.11.15
33. Invitasjon til haustkonferansen i Sandnes 10.12.15
34. Invitasjon til NKRF sin kontrollutvalskonferanse 3. – 4. februar 2016
35. Invitasjon frå KPMG AS– Kurs for nye kontrollutval
36. Representantskapsmøte 02.12.15, kl. 15.00 – HIM
37. Representantskapsmøte 11.12.15, kl. 09.00 – Haugaland Vekst IKS